HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Møteprotokoll

**Utval:** **Ungdommens fylkesutval**
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, fylkeshuset
**Dato:** 21.02.2018
**Tidspunkt:** 16:00-19:10

**Følgjande faste medlemmer møtte**:

| Namn | Funksjon | Kommentar: |
|---|---|---|
| Anna Elisabeth Øyrehagen Akselvoll | Nestleiar | Til 18:45 |
| Marius Hellan Hindenes | Leiar | |
| Marte Kristoffersen | Medlem | Til 18:45 |
| Sander Molland | Medlem | Til 18:55 |
| Malene Kristine Meidell Alsaker | Medlem | |
| Julie Langum | Medlem | Til 18:45 |
| Jonas Arlie Ådlandsvik Andersen | Medlem | |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall**:

| Namn | Funksjon | Kommentar: |
|---|---|---|
| Vegard Kleppe | Medlem | |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Namn | Møtte for | Kommentar: |
|---|---|---|
| Oda Medhus | Varamedlem | Til 18:45 |
| Ida Heggland | Varamedlem | |
| Lisa Haugland Bøthun | Varamedlem | Til 18:55 |
| Jens Hestnes Andersen | Varamedlem | Til 19:00 |

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Ingeborg Strandberg | Rådgjevar |

Ingeborg Strandberg
Sekretær

**Sakliste**

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off. |
|---|---|---|---|
| PS 8/18 | Godkjenning av innkalling | | |
| PS 9/18 | Godkjenning av saksliste | | |
| PS 10/18 | Godkjenning av møtebok frå forrige møte | | |
| PS 11/18 | Referatsaker (meldingar) | | |
| RS 6/18 | Oversikt økonomi per 30.01.2018 | 2014/560 | |
| RS 7/18 | Oversikt ungdomsråd per 30.01.2018 | 2014/560 | |
| RS 8/18 | Forespørsel til fylkeskommunale og regionale medvirkningsorgan for ungdom | 2014/560 | |
| PS 12/18 | Konstituering av nytt Ungdommens fylkesutval | 2014/560 | |
| PS 13/18 | Møteplan 2018 - justeringar | 2014/560 | |
| PS 14/18 | Evaluering av Ungdommens fylkesting 2018 | 2014/560 | |
| PS 15/18 | Ymse | | |

## PS 8/18 Godkjenning av innkalling

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.02.2018**

**Vedtak**

Møteinnkallinga vart godkjent.

## PS 9/18 Godkjenning av saksliste

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.02.2018**

**Vedtak**

Sakslista vart godkjent.

## PS 10/18 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.02.2018**

Møteboka frå 02.12.2017 er ikkje skrive enda.

**Vedtak**

Møtebok frå 02.12.2017 vart ikkje godkjent.

## PS 11/18 Referatsaker (meldingar)

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.02.2018**

RS 6-8/18 vart referert.

## PS 12/18 Konstituering av nytt Ungdommens fylkesutval

**Forslag til vedtak**

Ungdommens fylkesutval 2018 er konstituert.

Ungdommens fylkesutval vedtek slik arbeidsstruktur for UFU 2018:

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.02.2018**

**Marius Hellan Hindenes** sette fram slikt forslag:

> "Ungdommens fylkesutval 2018 er konstituert.
>
> Ungdommens fylkesutval vedtek slik arbeidsstruktur for Ungdommens fylkesutval 2018:

| Miljø og samferdsel | Opplæring og helse | Kultur, idrett og regional utvikling | Eigen organisasjon |
|---|---|---|---|
| Ida Heggland | Malene Alsaker | Julie Langum | Jens Andersen |
| Vegard Kleppe | Sander Molland | Jonas Andersen | Marte Kristoffersen» |
| | Oda Medhus | Lisa Bøthun | |

**Røysting**
Forslaget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Ungdommens fylkesutval 2018 er konstituert.

Ungdommens fylkesutval vedtek slik arbeidsstruktur for Ungdommens fylkesutval 2018:

| Miljø og samferdsel | Opplæring og helse | Kultur, idrett og regional utvikling | Eigen organisasjon |
|---|---|---|---|
| Ida Heggland | Malene Alsaker | Julie Langum | Jens Andersen |
| Vegard Kleppe | Sander Molland | Jonas Andersen | Marte Kristoffersen |
| | Oda Medhus | Lisa Bøthun | |

## PS 13/18 Møteplan 2018 - justeringar

**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.02.2018**

**Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek slik møteplan for 2018:

| | |
|---|---|
| 16.-18. mars | Helgemøte |
| 4. april | Dialogdag |
| 7. mai | Ordinært møte |
| 15. juni | Sommeravslutning |
| 24.-26. august | Helgemøte |

19. september Ordinært møte

12.-14. oktober Helgemøte

3.-4. november Nettverkssamling

21. november Ordinært møte

7.-9. desember Helgemøte med julebord

Ungdømmens fylkesutval ber om ei ny sak om møteplan 2018 i mai.

## PS 14/18 Evaluering av Ungdommens fylkesting 2018

### Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesting 2018 var ein suksess, men Ungdommens fylkesutval har slike innspel til neste års arrangement:

### Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.02.2018

### Vedtak

Ungdommens fylkesting 2018 var ein suksess, men Ungdommens fylkesutval har slike innspel til neste års arrangement:

- Visse delar av arrangementet bør vere meir planlagt:
    - Informasjon om; Kva er Ungdommens fylkesting? Kva er Ungdommens fylkesutval? Kvifor er vi her?
    - Arbeidet med forslag til Ungdommens planprogram
    - Førebu delegatane på debatt (gjerne med eit tale- og debattkurs)
    - Kva skal skje på kveld og natt: opplegg, når skal alle vere på sine rom, nattevakt, osv
    - Evalueringa av Ungdommens fylkesting

- Fleire deltakarar vart plaga av festkulturen til dei andre gruppene som var på hotellet samtidig. Ei jente på 15 år måtte takke nei til alkohol to gongar frå vaksne i ei anna gruppe på hotellet. Ei jente fekk upassande kommentarar, og frå vaksne i ei anna gruppe. Sikkerheitsvaktene var til stades, men det var ikkje alt dei kunne fange opp. Neste gong bør ein ha god dialog med hotellet om andre grupper, og sette på plass tiltak for at deltakarane kan ha ein triveleg kveld på eit rusfritt arrangement, utan drikkepress og trakassering.

## PS 15/18 Ymse

### Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.02.2018

Ingeborg Strandberg, rådgjevar, informerte slik:

- Ungdommens fylkesutval sitt budsjett for utvalsmøter på 60 000 kr er brukt opp allereie, etter kostnadar frå 2017 og eit dyrt helgemøte i januar.

- Invitasjon til Trøndelag til møte om regionaliseringsprosessen på området for ungdomsmedverknad. Møtet er 6. april med påmelding 22. mars. Meld inn til leiar Marius Hellan Hindenes om du er interessert i å delta.

- Fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane. Arrangementet er 6.-8. april med påmelding 9. mars. Meld inn til leiar Marius Hellan Hindenes om du er interessert i å delta.

**RS 8/18 Forespørsel til fylkeskommunale og regionale medvirkningsorgan for ungdom.**

**Marius Hellan Hindenes** sette fram slikt forslag:

«Ungdommens fylkesting i Hordaland er for lovfesting av kommunale, fylkeskommunale og eit statleg ungdomsråd, slik det er vedteke i Ungdommens planprogram 2018 som mål 3 under Eigen organisasjon:

| " 3. | **Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utganspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse.** |
|---|---|
| a. | UFU skal arbeide aktivt, saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom, for å fremje saker. |
| b. | UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana. |
| c. | UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Arbeidsgruppe for oppretting av Nasjonalt ungdomsråd. |
| d. | UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan i dei ulike medverknadsnivåa.» |

1. Hvilken aldersgrense har deres fylke?

   Frå det året ein fyllar 15 år til og med det året ein fyllar 20 år.

2. Hvilken aldersgrense føler dere er passende for deres ungdomsråd?

   Ungdommens fylkesting 2018 vedtok eit forslag til å endre vedtektene til: «Frå det året ein fyllar 14 år til og med det året ein fyllar 20 år.» Forslaget må verte vedteke av det ordinære fylkestinget og skal til handsaming 6.-7. mars. Men vi må kunne trekke slutninga at Ungdommens fylkesting 2018 i Hordaland meiner at: «Frå det året ein fyllar 14 år til og med det året ein fyllar 20 år.» vil vere riktig aldersgrense.

3. Synes dere det er nødvendig å ha som en nasjonal retningslinje, eller synes dere at dette er noe fylkene skal få bestemme selv?

   Tiltak b) under Mål 3 som er sitert over er tydeleg på at Ungdommens fylkesting ønskjer retningsliner, men det er viktig at desse ikkje gjer at kommunar av ulike storleikar vert ekskludert fordi retningslinene er for detaljerte og rigide.

4. Har deres ungdomsråd tale- og forslagsrett i deres fylkesting?

   Det er viktig at begrepet tale- og forslagsrett vert definert. I Hordaland fylkeskommune er det slik at det berre er dei folkevalde som har tale- og forslagsrett i den politiske debatten, i fylkestinget og i dei andre hovudutvala. Men Ungdommens fylkesutval (som representerer Ungdommens fylkesting gjennom året) har all moglegheit til å tale til fylkestinget eller dei andre hovudutvala før møtet er satt, men det må avtalast med leiar i utvalet.

5. Vil dere at tale- og forslagsrett i fylkestinget skal være en del av de nasjonale retningslinjene for ungdomsråd?

   Ungdommens fylkesutval meiner at tale- og forslagsrett slik det vert definert i Hordaland

fylkeskommune berre er for dei folkevalde, og såleis ikkje for medverknadsorgana. Men dersom det er ei anna definisjon på tale- og forslagsrett vil Ungdommens fylkesutval gjerne vurdere spørsmålet på nytt.

Det er ønskjeleg å spele inn at trongen for å tale i utvala og fylkestinget aukar jo mindre vi føler at vi har moglegheit til å påverke saker i forkant av politisk handsaming. Og dette er eit punkt det er viktig å jobbe med, og som vil vere aktuelt å ha med i nasjonale retningsliner. Til dømes: «Administrasjonen må legge saker som påverkar ungdom fram for ungdomsrådet til uttale før saka kan gå til politisk handsaming.»

6. Hvordan står det til med økonomien i deres fylkeskommunale ungdomsråd? Hvor stort er deres budsjett og er dette nok?

   Budsjett til Undgommens fylkesting 2018 er 310 000 kr. Organet har ingen tilskot å dele ut, og såleis meiner Ungdommens fylkesutval at budsjettet er stort nok for det ein skal gjere i løpet av året.

7. Hvor stor stilling har deres koordinator/ressursperson? Er dette tilstrekkelig?

   Rådgjevar og sekretær for rådet, med støttefunksjonar, utgjer 30% av eit årsverk. Ungdommens fylkesutval er nøgd med dette.

**Røysting**
Hindenes forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Ungdommens fylkesutval sendar slikt svar:
Ungdommens fylkesting i Hordaland er for lovfesting av kommunale, fylkeskommunale og eit statleg ungdomsråd, slik det er vedteke i Ungdommens planprogram 2018 som mål 3 under Eigen organisasjon:

| " 3. | **Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utganspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse.** |
|---|---|
| a. | UFU skal arbeide aktivt, saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom, for å fremje saker. |
| b. | UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana. |
| c. | UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Arbeidsgruppe for oppretting av Nasjonalt ungdomsråd. |
| d. | UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan i dei ulike medverknadsnivåa.» |

1. Hvilken aldersgrense har deres fylke?

   Frå det året ein fyllar 15 år til og med det året ein fyllar 20 år.

2. Hvilken aldersgrense føler dere er passende for deres ungdomsråd?

   Ungdommens fylkesting 2018 vedtok eit forslag til å endre vedtektene til: «Frå det året ein fyllar 14 år til og med det året ein fyllar 20 år.» Forslaget må verte vedteke av det ordinære fylkestinget og skal til handsaming 6.-7. mars. Men vi må kunne trekke slutninga at Ungdommens fylkesting 2018 i Hordaland meiner at: «Frå det året ein fyllar 14 år til og med det året ein fyllar 20 år.» vil vere riktig aldersgrense.

3. Synes dere det er nødvendig å ha som en nasjonal retningslinje, eller synes dere at dette er noe fylkene skal få bestemme selv?

Tiltak b) under Mål 3 som er sitert over er tydeleg på at Ungdommens fylkesting ønskjer retningsliner, men det er viktig at desse ikkje gjer at kommunar av ulike storleikar vert ekskludert fordi retningslinene er for detaljerte og rigide.

4. Har deres ungdomsråd tale- og forslagsrett i deres fylkesting?

   Det er viktig at begrepet tale- og forslagsrett vert definert. I Hordaland fylkeskommune er det slik at det berre er dei folkevalde som har tale- og forslagsrett i den politiske debatten, i fylkestinget og i dei andre hovudutvala. Men Ungdommens fylkesutval (som representerer Ungdommens fylkesting gjennom året) har all moglegheit til å tale til fylkestinget eller dei andre hovudutvala før møtet er satt, men det må avtalast med leiar i utvalet.

5. Vil dere at tale- og forslagsrett i fylkestinget skal være en del av de nasjonale retningslinjene for ungdomsråd?

   Ungdommens fylkesutval meiner at tale- og forslagsrett slik det vert definert i Hordaland fylkeskommune berre er for dei folkevalde, og såleis ikkje for medverknadsorgana. Men dersom det er ei anna definisjon på tale- og forslagsrett vil Ungdommens fylkesutval gjerne vurdere spørsmålet på nytt.

   Det er ønskjeleg å spele inn at trongen for å tale i utvala og fylkestinget aukar jo mindre vi føler at vi har moglegheit til å påverke saker i forkant av politisk handsaming. Og dette er eit punkt det er viktig å jobbe med, og som vil vere aktuelt å ha med i nasjonale retningsliner. Til dømes: «Administrasjonen må legge saker som påverkar ungdom fram for ungdomsrådet til uttale før saka kan gå til politisk handsaming.»

6. Hvordan står det til med økonomien i deres fylkeskommunale ungdomsråd? Hvor stort er deres budsjett og er dette nok?

   Budsjett til Undgommens fylkesting 2018 er 310 000 kr. Organet har ingen tilskot å dele ut, og såleis meiner Ungdommens fylkesutval at budsjettet er stort nok for det ein skal gjere i løpet av året.

7. Hvor stor stilling har deres koordinator/ressursperson? Er dette tilstrekkelig?

   Rådgjevar og sekretær for rådet, med støttefunksjonar, utgjer 30% av eit årsverk. Ungdommens fylkesutval er nøgd med dette.